

	<b>Prosess knytt til innovasjonssøknadar til Helse Vest</b>		<b>Dokument-id: D23491</b>		
			<b>Prosedyre</b>		
<b>Organisasjon</b> IKT-sikkerheit/Personvern/Forskning Forsking og innovasjon	<b>Utarbeidd av</b> Guro Mjanger	<b>Godkjent av</b> Kleiven, Anne Kristin	<b>Versjon</b> 1.00	<b>Gyldig frå</b> 24.09.2018	<b>Rev. innan</b> 24.09.2020
			<b>EK-ansvarleg</b> Mjanger, Guro		

## 1 Føremål og omfang

Denne prosedyren skildrar prosessen rundt innovasjonssøknadar til Helse Vest. Prosedyra gjeld for alle tilsette i Helse Førde som søkjer innovasjonsmidlar frå Helse Vest.

## 2 Framgangsmåte

Alle tilsette som ønskjer å søkje innovasjonsmidlar frå Helse Vest gjer dette via [eSøknad](#). I tillegg til å fylle ut eSøknad, skal alle registrere søknaden sin i [Idemottaket](#). I Idemottaket er det tilstrekkeleg å melde inn tittel på prosjekt og nokre stikkord om kva søknaden omhandlar, ein treng ikkje legge inn heile søknaden på nytt.

Søknadsfrist er 15.september kvart år.

### 2.1 Sakshandsaming og vurdering av søknadar

Etter søknadsfrist er gått ut vert søknadene sakshandsama av eit sekretariat med følgande medlemmer:

- Sekjionsleiar forskning og innovasjon
- Innovasjonsrådgjevar

Sekretariatet vert supplert med følgande ved behov:

- Lokalt arkitektur og portefølgjekontor v/verksemdsarkitekt
- Portefølgjeansvarleg

I handsaming av sakene kan også faglege råd innhentast, og leiarforankring må sikrast.

Vurderingskomite innstiller ei prioritert liste til administrerande direktør. I vurderingskomite sit følgande:

- Fagdirektør
- Utviklingsdirektør
- Ein klinikkdirrektør

Komiteen legg fram vurderinga og prioriteringa for føretaksleinga. Administrerande direktør godkjenner prioriteringa i god tid før Helse Vest sin frist.

Den prioriterte liste over søknadane med Helse Førde si innstilling vert sendt Helse Vest innan oppgitt frist (haust). Helse Vest tildeler midlar ved slutten av året.

## 3 Referansar

### Eksterne referansar

eSøknad: [forskningmidler.ihelse.net/](https://forskningmidler.ihelse.net/)

Idemottaket: <https://helse-forde.induct.no/public>

